

Betre sti enn nokon gong.

09.07.2017



Denne gjengen gjorde ein super jobb på stien mellom Storhaug og Mannsvatnet i dag.

For vel ei veke sidan vart Tverrelva kraftverk opna, og både grunneigarane og SKL har heile tida vore tydelege på at utbygginga skal vera så skånsam mot naturen som mogeleg. Som eit ledd i dette arbeidet, har i dag representantar for grunneigarane vore på fjellet og har lagt stein i stien i myrpartiet midt mellom Storhaug og Mannsvatnet.



Heretter blir det greitt å gå tørrskodd gjennom myra.

Då det vart påpeika at nokre hundre meter i det våte midtpartiet mellom Storhaug og Mannsvatnet var vanskeleg framkommeleg under synfaringa etter utbygginga, var både grunneigarar og SKL ved byggjeleiar Svein Egil Heimvik, svært positive til å utbetra dette området som alltid har vore vått og litt vanskeleg å ta seg fram i.

SKL skaffa til veges passande stein, frakta det til fjells med helikopter og sette den på paller langs stiitrasseen. I dag har 8 representantar for grunneigarane vore på fjellet og lagt ut steinen. Dei har også veita litt. Dermed er stien mellom Storhaug og Mannsvatnet no betre enn den har vore nokon gong. No er det ikkje lenger problem å gå tørrskodd gjennom myrstrekninga.

Elles kan vi nemna at det no er sådd slik at såra som har vorte i naturen etter kvart skal forsvinna. Det kjøpt inn spesiell frøblanding som eignar seg under slike fjellforhold. Med det våte veret har ikkje forholda for såing vore ideelle, men graset spirer, og det er no ca. 2 cm. På informasjonsmøtet i Uskedal Utvikling tidlegare sa byggjeleiar Svein Egil Heimvik at ein måtte rekna med om lag 5 år før såra var heilt lekte. Ha sa då at SKL var opptatt av å levera området tilbake i fullgod forfatning etter utbygginga. Alt tyder på at dei held det dei lova.



Ingen problem å gå fra Stein til Stein.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Steinar Haugland

www.uskedalen.no/no/nyhende/15681/

4/5

